



HORNINDAL KOMMUNE



VOLDA KOMMUNE

## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar  
**Møtestad:** Kommunehuset Smia, Kommunehuset Smia, Grodås  
**Dato:** 20.04.2017  
**Tid:** 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Medlem	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Medlem	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Stig Olav Lødemel	Medlem	H
Randi Langlo	Medlem	A
Eldar Engelund	Medlem	SP
Rasmus Kirkhorn	Medlem	SP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Brynhild Lund Notøy	Medlem	V

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Nina Lødøen Øen	Brynhild Lund Notøy	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjugard	Rådmann Volda
Ann Kristin Langeland	Rådmann Hornindal
Frå dei tillitsvalde	Norunn Holmøy-Wang, Sirikit Vågen, Oddbjørg Yksnøy Rangsæter

# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 12/17	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 13/17	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte</b>
PS 14/17	<b>Frikjøp av tillitsvalte</b>
PS 15/17	<b>Budsjett arbeidsgruppa for nytt kommunenamn og heraldikk</b>
PS 16/17	<b>Orienteringssaker</b>
OS 4/17	<b>Breiband/fiber Volda – Grodås</b>
OS 5/17	<b>Status arbeidet i nemnda for kommunenamn og heraldikk</b>
OS 6/17	<b>Informasjon om arbeidet i dei administrative arbeidsgruppene</b>
OS 7/17	<b>Informasjon om møte med Kyrkja og renovasjonsselskapa</b>
OS 8/17	<b>Planlegging av ressursar/kapasitet på kritiske område i prosjektet</b>
OS 9/17	<b>Vidaregåande skuletilbod</b>
OS 10/17	<b>Gjennomgang av førebuingar i samband med § 25 i inndelingslova</b>
OS 11/17	<b>"Ny næring på gamle tufter"</b>
OS 12/17	<b>"Satsing på landbruksutviklingskompetanse"</b>

## **PS 12/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Jørgen Amdam melde to orienteringssaker; Arbeidet med prosjekt: NY næring på gamle tufter» og «satsing på landbruksutviklingskompetanse»

**Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.**

## **PS 13/17 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte**

Ingen merknadar

**Vedtak: Møteprotokoll frå møte 09.03.17 vart godkjent utan merknadar.**

## **PS 14/17 Frikjøp av tillitsvalte**

### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Etter drøftingar med dei tillitsvalte godkjenner kommunane Hornindal og Volda frikjøp av tillitsvalte grunna meirarbeid knytt til kommunesamanslåinga.*
- 2. Det vert gjeve likt frikjøp til dei 4 organisasjonane som vert representert i Partssamansett utval (PSU).*
- 3. Frikjøpet vert fastsett til 15 % til kvar av organisasjonane i kvar av dei to kommunane – til saman 60 %.*
- 4. Frikjøpet skal dekkjast av dei midlane førebels fellesnemnd har til disposisjon.*
- 5. Frikjøpet gjeld frå 20. april 2017 og skal vurderast på nytt når endeleg Fellesnemnd og prosjektleiar er formelt på plass.*
- 6. Ein føreset at prosjektleiar syt for å kalle inn og gjennomføre felles drøftingar så snart som råd etter at denne har formelt tiltrådt.*
- 7. Vedtaket går vidare til endeleg godkjenning i kommunestyra i Hornindal og Volda.*

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Administrasjonen sin tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 20.04.2017 til kommunestyret:**

- 1. Etter drøftingar med dei tillitsvalte godkjenner kommunane Hornindal og Volda frikjøp av tillitsvalte grunna meirarbeid knytt til kommunesamanslåinga.*
- 2. Det vert gjeve likt frikjøp til dei 4 organisasjonane som vert representert i Partssamansett utval (PSU).*
- 3. Frikjøpet vert fastsett til 15 % til kvar av organisasjonane i kvar av dei to kommunane – til saman 60 %.*
- 4. Frikjøpet skal dekkjast av dei midlane førebels fellesnemnd har til disposisjon.*
- 5. Frikjøpet gjeld frå 20. april 2017 og skal vurderast på nytt når endeleg Fellesnemnd og prosjektleiar er formelt på plass.*
- 6. Ein føreset at prosjektleiar syt for å kalle inn og gjennomføre felles drøftingar så snart som råd etter at denne har formelt tiltrådt.*
- 7. Vedtaket går vidare til endeleg godkjenning i kommunestyra i Hornindal og Volda.*

## **PS 15/17 Budsjett arbeidsgruppa for nytt kommunenamn og heraldikk**

### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Midlertidig fellesnemnd godkjenner budsjettframlegg frå temakomite for namneforslag og heraldikk, og set av inntil kr. 300.000,- til arbeidet med nytt kommunenamn og heraldisk profil.*
- 2. Inkludert i dette er arbeidet og kostnadane omtala som fase 1 og fase 2 i budsjettframlegget.*
- 3. Midlane vert løyvt frå midlertidig fellesnemnd sitt budsjett.*

### **Samrøystes vedtak:**

- 1. Midlertidig fellesnemnd godkjenner budsjettframlegg frå temakomite for namneforslag og heraldikk, og set av inntil kr. 300.000,- til arbeidet med nytt kommunenamn og heraldisk profil.*
- 2. Inkludert i dette er arbeidet og kostnadane omtala som fase 1 og fase 2 i budsjettframlegget.*
- 3. Midlane vert løyvt frå midlertidig fellesnemnd sitt budsjett.*

## **PS 16/17 Orienteringssaker**

### **OS 4/17 Breiband/fiber Volda - Grodås**

Prosjektlear orienterte om prosessen med å søkje felles breiband/fiber midlar for å sikre fiber mellom Volda og Grodås.

### **OS 5/17 Status arbeidet i nemnda for kommunenamn og heraldikk**

Odd A. Folkestad orienterte om arbeidet i nemnda. God framdrift i arbeidet med nytt kommunenamn. Nemnda vil med det fyste starte arbeidet med Heraldisk profil.

### **OS 6/17 Informasjon om arbeidet i dei administrative arbeidsgruppene**

Prosjektlear informerte om status for arbeidet i dei administrative arbeidsgruppene. Godt kartleggingsarbeid i gang, rapport frå gruppene skal føreligge innan 01.06.17.

### **OS 7/17 Informasjon om møte med Kyrkja og renovasjonsselskapa**

Det har vore gjennomført samtalar med fellesråda i dei to kommunane i høve samanslåingsprosessen. Fellesråda vart utfordra til å jobbe vidare opp mot sine organ for å gjere naudsynte avklaringar.

Det var same dag møte mellom VØR og NoMil med gjensidig orientering. Denne saka kjem ein attende til i samband med fellesnemnda sitt arbeid med interkommunale selskap.

### **OS 8/17 Planlegging av ressursar/kapasitet på kritiske område i prosjektet**

Prosjektlear orienterte om at ein vil kome til fellesnemnda med sak om ressursauke knytt til kritiske område i samanslåingsarbeidet. Dette gjeld på arbeidsområda sak/arkiv, Utvikling og IKT.

### **OS 9/17 Vidaregåande skuletilbod**

Stig Olav Lødemel orienterte om at han hadde utfordra Fylkeskommunen i høve retten til skuleplass i vidaregåande skule for elevar frå Hornindal i tida fram mot samanslåing. Førebels svar frå Fylkeskommunen er at elevar frå Hornindal som startar på utdanning i Stryn eller Eid får fullføre der. Det bør arbeidast for ein gjensidig avtale mellom Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylkeskommunar som sikrar gode utdanningstilbod for elevar i Hornindal både i Nordfjord og i Møre og Romsdal. Saka vert følgd opp av ordførarane.

### **OS 10/17 Gjennomgang av førebuingar i samband med § 25 i inndelingslova**

Prosjektleiar informerte om kva oppgåver og saker som må vere avklara før felles kommunestyre 01.06.17 etter Inndelingslova. Ordførarane vart oppmoda til å ta kontakt med leiarane i kontrollutvalet for å sikre at kontrollutvala kjem med sine tilrådingar knytt til val av revisor.

### **OS 11/17 "Ny næring på gamle tufter"**

Jørgen Amdam orienterte om framdrift i prosjektet.

### **OS 12/17 "Satsing på landbruksutviklingskompetanse"**

I tråd med intensjonsavtalen er Landbruk eit av satsingsområda for den nye kommunen, og ordførarane orienterte om møte med Stranda kommune der dette var tema. Det vert jobba vidare med saka.